



Arkitektkontoret Eik AS
Bredsgården Bryggen
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2866 - 19/38521

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 62/46 Tofting

Tiltak: Fritidsbolig - nybygg
Byggjestad: Gbnr: 62/46
Tiltakshavar: Eddie Kalleklev
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Eik AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.10.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonssøknad for oppføring av anneks. Reguleringsplanen har ingen bestemmelsar for anneks eller sekundære bygg med rom for varig opphald. Dermed gjeld kommuneplanens arealdel § 3.1.2 som ikkje tillater anneks på fritidseigedommar. Søknaden innehald eit anneks, og dette må dermed søkast dispensasjon for.

Dispensasjon kan ikkje påreknast i frå ein heilt ny kommuneplan. Dykk har også moglegheit til å trekke saka dersom dykk ønsker det.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 17.01.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eddie Kallekleiv

Bjerregårdsgate 1 5006

BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Eik AS

Bredsgården 5003
Bryggen

BERGEN